

RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN 2026 - 2030



Luster kommune



Vedteke av kommunestyret 19. mars 2026

Innhald

1. INNLEIING	2
1.2 Planprosess	3
2. NASJONALE OG KOMMUNALE FØRINGAR	3
2.1 Nasjonale mål og hovudprioriteringar	5
2.2 Forholdet til andre planar i Luster	6
2.3 Medverknad og prosess	6
3. OM RUSMIDDEL OG RUSBRUK.....	7
4. UTVIKLINGSTREKK OG SITUASJONSBEKRIVELSE	8
4.1 Alkohol, narkotika og doping	8
4.2 Røyk og snus	9
4.3 Utviklingstrekk i Luster kommune	10
4.3.1 UngData	9
5. TILBOD I LUSTER MED FOKUS PÅ RUSARBEID	11
6. ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINJER	15
6.1 Mål for løyveperioden	15
6.2 Retningslinjer for løyve til sal og skjenking av alkohol i Luster	15
6.3 Gjennomføring av kunnskapsprøve	17
6.4 Delegering.....	17
6.5 Sals – og skjenketider.....	17
6.6 Definisjon på «slutta lag/selskap»	18
6.7 Alkoholavgift/gebyr	18
6.8 Kontroll	18
6.9 Retningslinjer for reaksjonar ved brot på alkohollova sine reglar m.m.....	19
7. MÅL OG TILTAK	19
7.1 MÅL.....	19
7.2 TILTAK	19
VEDLEGG
OPPSUMMERING UNGDATA–UNDERSØKING KAFÉDIALOG
TILBOD I LUSTER MED FOKUS PÅ RUSARBEID

1. INNLEIING

I samsvar med Helsedirektoratet sine tilrådingar har Luster kommune utarbeidd ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan. Planen har til føremål å samordne kommunen sin rusmiddel-politikk og dei ulike satsingane på området. Planen er eit tverrsektorielt og tverrfagleg reiskap der arbeidet på området og utviklingstrekk blir synleggjort.

Rusmiddelproblem er samansette. Dette gjer at planen bør vere både tverrfagleg og tverrsektoriell. Den bør omfatte alle sider av kommunen sitt rusmiddelarbeid. Dette inneber alle typar førebyggjande tiltak som for eksempel bevillingspolitik, informasjonstiltak og haldningsskapande arbeid, så vel som oppfølging og rehabilitering av rusmisbrukarar. Føremålet er at kommunen sitt rusmiddelpolitiske arbeid blir sett i samanheng. Mål, strategiar og tiltak på rusmiddelområdet vedkjem også skule, NAV, helsestasjon, kultur- og organisasjonsarbeid.

Rusførebyggjande arbeid handlar ikkje nødvendigvis direkte om rus, men om å byggje gode oppvekstmiljø og eit inkluderande lokalsamfunn. Det inneberer trygge bumiljø, gode oppvekstforhold, arbeidsmoglegheit, arbeidsmiljø, fritidstilbod, utjamning av sosiale forskjellar, inkluderande møteplassar og innsats for å forebygge fråfall i skulen. I tillegg til befolkningsretta tiltak er det viktig å førebygge rusproblem gjennom tidleg innsats.

Alle kommunar er pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan (alkoholova § 1-7 d). Innafor alkoholova har kommunen fått eit ansvar og ein fridom til å utforme sin eigen lokale alkoholpolitikk. Kommunen sin forvaltning av alkoholova er eit viktig verkemiddel for å fremje folkehelsa. Alkoholpolitiske retningslinjer og bevillingspolitik skal vedtakast av kommunestyret i løpet av valperioden. Dette er skildra i eige kapittel, kap. 6.: Alkoholpolitiske retningslinjer.

Denne planen inngår som ein del av Luster kommune sitt plan - og styringssystem, og skal ha ei reell kopling til overordna planar, dvs. kommuneplanen sin samfunnsdel og relevante kommunedelplanar. I tillegg gjeld nasjonale føringar for området.

Hovudmålet med planen er å sikre systematisk arbeid med rusførebyggjande tiltak, skjenkepolitiske tiltak og oppfølgingstiltak for rusavhengige. Planen er i tillegg meint å gje oversikt over eksisterande tiltak for førebygging og oppfølging av rusmisbruk, samt gje ei beskriving av aktuelle behov for nye tiltak.

Implementering og gjennomføring av rusmiddelpolitisk handlingsplan

For at planen skal være handlingsretta må den følgjast opp og rapporterast på.

1. Ansvar for gjennomføring av det enkelte tiltak: Dette går fram av tiltaksoversikta.
2. Tiltaksdelen skal evaluerast og rullerast som ein del av den ordinære drifta.
3. Tiltak som krev tilførte ressursar skjer gjennom vedtak av budsjett og økonomiplan.
4. Rapportering og statusinformasjon er implementert i årshjulet til SLT Familieforum.

1.2 Planprosess

Generelt er det lite statistikk som er tilgjengeleg på kommunenivå når det gjeld bruk av rusmiddel. Drøftingar mellom fagpersonar, eit tett tverrfagleg samarbeid og innspel frå brukarar og pårørande er avgjerande. I tillegg kjem kartleggingar som Ungdata. For å få oversikt over status, utviklingstrekk og innspel har me i arbeidet med planen hatt stort fokus på medverknad og gjennomført denne prosessen:

PROSESS: RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN 2026 - 2030

1. Revisjon av tilbod i Luster med fokus på rusarbeid - Tenestene (haust-25)
2. Innspel frå tenestene om utviklingstrekk og tiltak – FORMS (haust-25)
3. Innspel frå elevråda på Hafslo barne og ungdomsskule, Luster ungdomsskule og styret for Gaupne ungdomsklubb (haust-25)
4. Ungdata seminar på ungdomsklubben med KORUS (Kompetansesenter for rusfeltet) (okt-24)
5. Ungdata drøfting av tiltak, SLT Familieforum (mai-25)
6. Ungdommens Kommunestyre - Kafedialog (sep-25)
7. SLT Familieforum – sortere og konkretisere innspel (okt-25)
8. Presentasjon i råda
9. Utkast: Rusmiddelpolitisk handlingsplan på høyring v/medlemmane i SLT Familieforum mfl.
10. Kommunestyret 19. mars 2026

Det tverrfaglege møtefora SLT Familieforum har vore arbeidsgruppa til planen (kap. 5.)
SLT (samordning av lokale kriminalitet – og rusførebyggande tiltak)

Sals- og skjenkeløyve.

I tidlegare retningsliner frå Helsedirektorat var det tilrådd at planen skulle utarbeidast første året etter val, men dette er ikkje eit krav. I samsvar med tilrådingar i lovverk er det i denne planen utarbeidd alkoholpolitisk handlingsplan som del av ein heilskapleg rusmiddelpolitisk handlingsplan. Ved inngangen til ny løyveperiode kan kommunen vedta at sals- og skjenkeløyva ikkje skal opphøre, men gjelde vidare for ein periode på inntil fire år.

Førre sals og skjenkeløyve gjekk ut 30. september 2024. I k.sak 36/24 i møte den 23.05.24 blei det gjort dette vedtaket:

KOM - 36/24 vedtak

1. Sals- og skjenkeløyve for verksemder som har generelt løyve for alkoholhaldig drikk vert vidareført til 30. september 2028.
2. Før ny løyveperiode startar 1. oktober 2024, må løyvehavarane stadfeste informasjon om løyvehavar, styrar og reservestyrar.
3. Det blir laga ei felles forskrift om opnings- og skjenketider for serveringsstadar og for sals- og utleveringstider for sal av alkoholhaldig drikk i Luster kommune.
4. Opningstidene som kommunen har i dag for servering, sal og skjenking vert vidareført for fire nye år med unntak av : For dagen før 17.mai vert salstida avgrensa til kl 18.00, lik opningstida for dagar før søndagar og heilagdagdar.

Alle punkta i vedtaket er følgt opp og beskrive i alkoholpolitiske retningsliner (kap.6).

Felles forskrift om opningstider, sals- og skjenketider har vore ute på høyring februar-mars 2026 og vert handsama som eiga sak i kommunestyret 19. mars 2026.

2. NASJONALE OG KOMMUNALE FØRINGAR

FN sine berekraftsmål er verda sin felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, utlikne ulikskap og stoppe klimaendringane innan 2030. Berekraftsmål nummer 3 er «God helse og livskvalitet», og eitt av delmåla er å «styrke førebygging og behandling av rusmiddelmissbruk, blant anna missbruk av narkotiske stoff og skadeleg bruk av alkohol.



Kommunen sitt ansvar vert dekkja av fleire lover, til dømes:

Alkohollova regulerer all import og omsetnad av alkoholhaldig drikk. Lova slår fast at alkohol er ei lovleg vare. Føremålet med lova er i størst mogeleg grad å avgrense dei samfunnsmessige og individuelle skadane som alkoholbruk kan medføre. Avgrensing av forbruket er difor ei av målsettingane og kommunane vert oppmoda om å ha lova sitt føremål i tankane ved utforming av den totale kommunale alkoholpolitikken.

Tobakksskadelova sitt føremål er å avgrense dei helseskadar som bruk av tobakksvarer medfører gjennom å redusere forbruket og på sikt bidra til å oppnå eit tobakksfritt samfunn.

Helse- og omsorgstenestelova stiller krav om generell førebyggjande verksemd frå kommunen si side ved å gjere seg kjent med levekåra i kommunen, og redusere eller førebygge utviklingstrekk som skaper eller opprettheld, skade, sjukdom og sosiale problem, inklusiv alkohol- og rusmiddelbruk.

Folkehelselova har som føremål å bidra til ei samfunnsutvikling som fremmar folkehelse og utjamnar sosiale helseskilnader. Lova seier at kommunen skal setje i verk naudsynnte tiltak for å møte kommunen sine folkehelseutfordringar knytt til sosiale helseskilnader, oppvekst og levekår.

Sosialtenestelova pålegg kommunen, ved NAV, å betre levekåra for vanskelegstilte, bidra til sosial og økonomisk tryggleik, mellom anna i form av at den enkelte får moglegheit til å leve og bu sjølvstendig, og dessutan fremje overgang til arbeid, sosial inkludering og aktiv deltaking i samfunnet.

Andre nasjonale føringar:

Løyvesystemet, reklameforbod, aldersgrenser og avgiftspolitik er alle politiske verkemiddel for å førebygge og redusere bruk av alkohol. Vidare utformar regjeringa også stortingsmeldingar, strategiar, reformer og handlingsplanar for å forme rusmiddelpolitikken. Samanlikna med andre land har Norge ein restriktiv alkoholpolitikk, og fleire verkemiddel er nytta for å legge føringar for sal og skjenking av alkohol, samt innsats for det førebyggjande arbeidet og reduksjon av skadeleg rusbruk.

Dei viktigaste føringane ligg i:

- Stortingsmelding nr. 15 – Folkehelsemeldinga (2022-2023)
- Nasjonal alkoholstrategi (2021 – 2025)
- Opptappingsplanen for rusfeltet (2024-2029)

Regjeringa vil fremje alkoholfrie arenaer i samarbeid med frivilligheita, idretten, skulen og arbeidslivet. Føremålet er å leggje til rette for alkoholfrie val og auke aksepten for å ikkje drikke. Norges idrettsforbund har nulltoleranse når det gjeld alkohol i barne- og ungdomsidretten. Norges idrettsforbund er medlem av organisasjonen av-og-til og har utvikla ei rekkje verktøy og tiltak for å bevisstgjere lokale foreiningar på problemstillingar rundt alkohol og idrett.

2.1 Nasjonale mål og hovudprioriteringar

Hovudbodskapen i Noreg sin rusmiddelpolitikk er at personar med rusmiddelproblem har rett til eit verdig liv utan diskriminering og rett til naudsynt helsehjelp, uavhengig av kva rusmiddel dei brukar. Dei skal møtast med hjelp, ikkje straff. Rusmiddelpolitikken er ein del av helse- og velferdspolitikken, med mål om å redusera sosiale ulikskapar i helse.

Regjeringa legg vekt på Noregs menneskerettslege forplikningar for å sikra høg helsestandard for personar med rusaavhengigheit. Alkohol, legemiddel som skapar avhengigheit og ulovlege rusmiddel bidreg til helsetap, og personar med alvorlege rusmiddelproblem lever kortare oppleve stigma og forskjellsbehandling. Det er behov for meir kunnskapsbasert førebygging og behandling, samt betre samarbeid mellom tenestenivå og sektorar.

Rusmiddelpolitikken har som mål å førebyggja og redusera negative konsekvensar av rusmiddelbruk. Tenestetilbodet skal vera tilgjengeleg og nært der folk bur. Behandlingstilbod skal følgja same prioriteringsprinsipp som andre tilstandar knytt til helse. Det er viktig med tilstrekkeleg kompetanse i helsetenestene for å yta likeverdige tenester til alle, inkludert tenester til personar med rusmiddel-avhengigheit. Ressursane må brukast betre og meir effektivt for eit heilskapleg og koordinert tenestetilbod.

Overordna nasjonale mål og delmål:

Nasjonale føringar	Overordna mål	Delmål
<i>Folkehelsemeldinga (Meld. St. 15, 2022–2023) – Forebygging, livskvalitet, utjevning av helseforskjeller</i>	<i>Fremme helse og livskvalitet i befolkningen</i>	<i>Forebygge tidlig debut og høyt forbruk blant unge</i>
<i>Opptappingsplanen for rusfeltet (2024–2029) – Helhetlig innsats, redusere overdødelighet, styrke behandling og oppfølging</i>	<i>Redusere rusrelaterte skader og dødsfall</i>	<i>Styrke behandling, rehabilitering og oppfølging</i>
<i>Nasjonal alkoholstrategi (2021–2025) – Redusere alkoholskader, særlig hos barn og unge</i>	<i>Ivareta barn, unge og pårørende</i>	<i>Sikre tidlig innsats og lavterskeltilbud</i>

Nasjonale føringer	Overordna mål	Delmål
Helsedirektoratets føringer for overdose- og skadereduksjon – Nalokson, sprøyterom, helseoppfølging	Redusere rusrelaterte skader og dødsfall	Redusere overdoser og helseskader gjennom skadereduserende tiltak
Barns rettigheter (FNs barnekonvensjon, Bufdir, Barneombudet) – Barn som pårørende, barns beste som grunnprinsipp	Ivareta barn, unge og pårørende	Bedre støtte til pårørende og familier

2.2 Forholdet til andre planar i Luster

Ein rusmiddelpolitisk handlingsplan dekker fleire sektorar, tenester og einingar i kommunen. Det gjer at mål og tiltak i denne planen er tilgrensande og overlappande med andre planar. Denne planen har eit klart fokus på rusmiddel, men må sjåast i samanheng med:

- Kommuneplanen – samfunnsdel 2017 - 2028
- Budsjett – og økonomiplan 2026 - 2029
- Bustadplan 2026 -2030 (under arbeid)
- Plan for førebyggjande arbeid 2024 – 2028
- Folkehelseoversikt 2024 – 2028
- Prosjekt Helse og Omsorg mot 2030

I kommuneplanen sin samfunnsdelen står det at Luster kommune har som mål å leggje til rette for tenester som sikrar gode levekår i alle deler av befolkninga uavhengig av alder, kjønn, funksjon og etnisk opphav. Gjennom [Folkehelseoversikta 2024-2028](#) har ein fått ein betre oversikt over utfordringane i åra framover. Sentralt er tverrfagleg og førebyggjande arbeid og at det vert lagt eit godt grunnlag i ung alder når det gjeld folkehelse. Kommunen som tenesteytar innan oppvekst og helse vert sentral i både opplysningsarbeid og tilrettelegging.

2.3 Medverknad og prosess

Det tverrfaglege møteforaet SLT Familieforum har vore arbeidsgruppa til rusmiddelpolitisk handlingsplan. SLT står for samordning av lokale kriminalitet – og rusførebyggjande tiltak.

For å få oversikt over status, utviklingstrekk og innspel til arbeidet med rusmiddelpolitisk handlingsplan har ein i arbeidet med planen hatt stort fokus på medverknad og gjennomført denne prosessen.

PROSESS: RUSMIDDELPOLITISK HANDLINGSPLAN 2026 – 2030

1.	Revisjon av KAP 5: Tilbod i Luster med fokus på rusarbeid - Tenestene (hausten 2025)
2.	Innspel frå tenestene om utviklingstrekk og tiltak – FORMS (hausten 2025)
3.	Innspel frå elevråda på Hafslo barne og ungdomsskule, Gaupne ungdomsskule og styret på Gaupne ungdomsklubb (hausten 2025)
4.	Ungdata-seminar med KoRus Vest Bergen (oktober 2024)
5.	Ungdata: drøfting av tal for rus og status planarbeid, SLT Familieforum (mai 2025)
6.	Ungdommens kommunestyre - kafédialog (september 2025)
7.	SLT Familieforum – sortere og konkretisere innspel (oktober 2025)
8.	Presentasjon i råda
9.	Rusmiddelpolitisk handlingsplan på høyring hjå deltakarane i SLT Familieforum m.fl.
10.	Politisk handsaming av rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026 – 2030 i mars 2026

3. OM RUSMIDDEL OG RUSBRUK

Alkoholbruk er vanleg i Noreg, og mange har eit positivt forhold til alkohol som eit innslag til hygge, fritid, sosiale samkome og god mat. På den andre sida er bruk av alkohol og andre rusmiddel også forbundet med ei rekke sosiale og helsemessige konsekvensar i form av sjukdommar, skader og psykiske plagar og lidingar. For utviklinga av samfunns- og næringsliv kan alkohol ha ein positiv effekt.

Risiko og negative effektar ved inntak av alkohol:

- Reaksjonsevne, balanse og bevegelses kontroll blir svekka – det aukar risikoen for ulukker
- Auka risiko for sjølvskading og sjølv mord – alkohol kan fremja depressiv tankeinnhald².
- Alkohol er avhengigheits skapande og høgt inntak over tid kan gi auka risiko for fleire kreftformer og leverskade.
- Alkohol under graviditet aukar risiko for blant anna spontanabort, for tidleg fødsel, misdanningar, utviklingsforstyringar, åtferd- eller sosiale probleme og lærevanskar³.
- Av pasientar som er behandla for valdsskader på legevakt eller akutt mottak er over halvparten påverka av alkohol⁴.

Å vere nær pårørende til ein som har rusmiddelproblem, aukar risikoen for ustabile levekår, blant anna helseproblem og tidleg uføre, samt svekka familiesamhald og auka isolasjon. Å vekse opp med rusmiddelproblem hjå ein forelder aukar risiko for å utvikle eigne rusmiddelproblem seinare, og er også ein risikofaktor for psykiske lidingar. Foreldre som er påverka av rusmiddel har svekka omsorgsevne⁵.

Helsedirektoratet har understreka at det beste for helsa er å ikkje drikke alkohol i det heile teke. Nyare forskning viser at det ikkje finst nokon trygg nedre grense, og at sjølv små mengder kan auke risikoen for ulike sjukdommar, mellom anna fleire typar kreft. Difor blir det tilrådd at alkoholinntaket bør vere så lågt som mogleg, og at barn, unge og gravide bør avstå heilt.

Ungdom og alkohol

Unge har større risiko for å bli utsette for skamfulle episodar, krangling, vald, uønska seksuelle hendingar, skader og ulukker. Ungdom har større risiko for å hamne i situasjonar der samtykke til sex er uklart, og oppleve uønska seksuell merksemd. Ved seksuelle overgrep har ofte både overgriper og offer drukke betydelege mengder alkohol. Mange har også opplevd å ufrivillig bli filma eller fotografert, og at materiale vert spreidd på internett og sosiale media.

Ungdata-undersøkinga viser at ungdomane i dag drikk mindre enn tidlegare. Det er ein nedgang både på frekvens og mengde alkoholinntak. Forskarar trur det er fleire årsaker til denne trenden nasjonalt, blant anna er ungdom meir opptekne av helse, det er press om å lukkast, dei har nærare foreldrerelasjon, digitale relasjonar, frykt for å bli hengt ut i sosiale media og påverknad frå haldningar til muslimsk innvandrarungdom⁶.

¹<https://www.fhi.no/le/alkohol/alkoholinorqe/omsetning-og-bruk/alkoholbruk-i-den-voksne-befolkningen/>

²<https://www.forskning.no/alkohol-og-narkotika-statens-institutt-for-rusmiddelforskning-sirus-partner/norsk-drikkekultur-oker-risikoen-for-selv-mord-blant-menn/568713>

³<https://www.fhi.no/le/alkohol/alkoholinorqe/beskrivelse-av-rapporten/oversikt-over-alkohol-i-norqe-et-folkehelseperspektiv-pa-alkohol/?h=1>

⁴ <https://www.fhi.no/le/alkohol/alkoholinorqe/konsekvenser-av-alkoholbruk/alkohol-og-vold/?h=1>

⁵Hjärn, A, Arat A & Vinnerljung B: Att växa upp med förelider som har missbruksproblem eller psykisk sjukdom – hur ser livet ut i ung vuxen ålder? Rapport 4. Stockholms Universitet/Karolinska Institutet.

⁶<https://avogtil.no/drikker-ungdommen-mindre-enn-for/>

4. UTVIKLINGSTREKK OG SITUASJONSBEKRIVNING

4.1 Alkohol, narkotika og doping

Over 80 prosent av den norske befolkninga drikk alkohol. I 2024 var den samla avgiftsbelagte omsetninga i Noreg 6,16 liter rein alkohol per innbyggjar over 15 år (unntatt turistimport og taxfree). Både den registrerte alkoholomsetninga og omfanget av risikofylt drikkemønster har vore ganske stabilt dei siste ti åra, bortsett frå ein mellombels auke under pandemiåra. Den auken må sjåast i samanheng med ein betydeleg nedgang i den uregistrerte omsetninga som grensehandel og taxfree i same periode. [Regjeringa - alkoholpolitikk](#)

[Folkehelseinstitutt: Alkohol- og cannabisbruk blant ungdom og unge vaksne blant ungdom](#)

Ein rapport frå Folkehelseinstituttet publisert 28. august 2025 viser at det er auke i alkohol- og cannabisbruk blant ungdom og stabile trendar blant unge vaksne:

Andelen ungdom som har brukt cannabis er omtrent dobla sidan 2011, og andelen auka frå 8,4 til 10,3 prosent mellom 2019 og 2024. Cannabisbruk siste 12 månader auka også betydeleg etter 2011 (4,6 prosent), og auka fra 6,9 til 8 prosent i perioden 2019–2024.

Auken er størst blant jenter. Cannabisbruk er framleis meir utbreidd blant gutar, men forskjellen mellom kjønnna har blitt mindre. Det har vært en betydeleg nedgang frå årtusenskiftet i delen ungdom som forbandt regelmessig cannabisbruk med høg grad av risiko for skadar.

Ungdom som oppgjev bruk av cannabis, drikk oftare og oppgjev å ha ein betydeleg høgare frekvens av høgkonsumsituasjonar av alkohol samanlikna med dei som ikkje har brukt cannabis. Over halvparten som oppgav bruk av cannabis hadde brukt alkohol og cannabis samtidig.

[Hovudpunkt: Bruk av narkotika i Norge - Folkehelseinstituttet](#)

- Cannabis er det mest brukte illegale rusmiddel i Norge. I 2024 svarte 30 prosent at dei hadde prøvd cannabis i løpet av livet, medan nesten 7 prosent svarte å ha brukt cannabis i løpet av dei siste 12 månadene. Dette er ein auke på om lag 2 prosentpoeng samanlikna med åra 2013–2023.
- Nyleg cannabisbruk – siste året eller siste månaden – er mest utbreidd i dei yngste aldersgruppene.
- Cannabisbruken blant unge vaksne var lenge relativt stabil, men har auka noko i perioden 2022–2024 samanlikna med 2013–2021. Auken er mest av personar i aldersgruppa 21–25 år.
- Menn bruker cannabis i større grad enn kvinner, og kjønnsforskjellen har vorte større i 2024.
- Dei sentralstimulerande stoffa kokain, ecstasy/MDMA og amfetamin er dei mest brukte illegale rusmidla etter cannabis. Også desse stoffa er mest utbreidde blant menn og i dei yngste aldersgruppene.
- Bruken av kokain blant unge vaksne har auka med om lag 2 prosentpoeng i perioden 2022–2024 samanlikna med åra 2013–2021.

Doping

- Ifølgje data frå KORUS Oslo viser undersøkingar at blant norske ungdomsskule- og vidaregåandeleva har dopingbruk (t.d. anabole steroider / dopingmiddel) førekomme, men på eit relativt lågt nivå: 2,2 prosent svarar å ha brukt dopingmiddel minst éin gong, og 0,8 prosent svarar bruk på tidspunktet for undersøkinga.
- Samstundes viser [KORUS](#) at det finst ei tydeleg kjønnsforskjell: fleire gutar enn jenter rapporterer dopingbruk, og fleire gutar seier at dei toler eller har positive haldningar til doping for prestasjons- eller kroppsrelaterte mål.

4.2 Røyk og snus

Dei siste åra har det skjedd store endringar i kva som er vanlegast å bruke. Statistisk sentralbyrå har sidan 2012 gjennomført ei årleg rusundersøking finansiert av Helsedirektoratet der hovudføremålet er å kartleggje bruk og vanar knytt til tobakk, alkohol og andre rusmiddel i befolkninga. Tala frå Rusundersøkinga 2025 syner at 23 prosent av befolkninga mellom 16 og 79 år brukar dagleg minst eitt tobakksprodukt eller e-sigarett. 16 prosent snusar dagleg, medan 7 prosent røyker kvar dag.

I 2018 kom det eit tydeleg skifte der snus tok over for røyk som det mest brukte tobakksproduktet i Noreg. No er det dobbelt så mange som snusar dagleg som dei som røyker kvar dag (Statistisk sentralbyrå). E-sigarettar, som ikkje er tobakksprodukt, men ofte inneheld nikotin, er framleis lite utbreidd. Om lag 1 prosent av befolkninga brukar e-sigarettar dagleg i 2025.

Utvikling og mønster

- Dagleg røyking har gått sterkt ned dei siste åra
- Snusbruken har auka. Snus har frå 2018 teke over for røyking som det mest brukte tobakksproduktet i Noreg. Folkehelsearbeid bør rette seg både mot snus og røyking
- Eldre røyker oftare dagleg, medan yngre heller snusar eller røyker av og til
- I aldersgruppa 25–34 år snusar 35 % av menn og 22 % av kvinner dagleg
- Blant unge kvinner (16–24 år) har dagleg snusbruk auka frå 12 % i 2021 til 16 % i 2022. Auken i snusbruk blant unge kvinner er eit nytt utviklingstrekk som bør følgjast nøye
- Blant unge menn (16–24 år) snusar om lag 29 % dagleg

4.3 Utviklingstrekk i Luster kommune

Generelt er det lite statistikk tilgjengeleg på kommunenivå om bruk av rusmiddel. Drøftingar mellom fagpersonar, eit tett tverrfagleg samarbeid og innspel frå brukarar og pårørande er avgjerande. I tillegg kjem kartleggingar blant ungdom som Ungdata. Her får ein både kommunale data og samanlikningar med nasjonale tal.

4.3.1 Ungdata

Ungdata er ei omfattande nasjonal barne- og ungdomsundersøking der elevar svarar på spørsmål om korleis dei har det og kva dei driv med på fritida. Tala frå [Ungdata 2024](#) gir oss eit innblikk i korleis det er å vera ung i Luster og Norge. Kommunen har gjennomført Ungdata tre gonger, i 2017, 2021 og 2024. Dette gjer det mogleg å sjå utvikling og trendar over tid. Tala om rus gjeld ungdomsskuleelevar. Det er høg svarprosent for Luster.

Ungdomstida er ei tid då mange gjer seg sine første erfaringar med ulike rusmiddel (Ungdata 2024). Ein ser ein aukande trend i Luster kommune på at det er fleire på ungdomsskulen som har prøvd eller brukt rusmidlar. Tal frå 2017: 10 % av ungdomane som svara, i 2021: 13 % og i 2024 ein auke til 22 %.

- **ALKOHOL:** Alkohol er det vanlegaste rusmiddelet blant ungdom. 21-22 % rapporterer å ha drukke så mykje at dei er tydeleg berusa, aukande frå 8.-10.trinn. I Luster er det fleire som har vore rusa på alkohol (22 %) enn snitt for land og fylke (13 %). Det er høge tal på dei som rapporterte å ha vore rusa på alkohol samanlikna med kor mange som får lov.
- **SNUS:** Det er fleire som rapportere at dei brukar snus i Luster enn resten fylket og landet.
- **NARKOTIKA:** I Luster rapportere få ungdomar å ha prøvd narkotika; 5 % rapporterer å ha prøvd cannabis. På landsbasis og i byane ser man ei kraftig auke i bruk av narkotika blant barn i barn og ungdom. Ein bør jobbe aktivt for å førebygge denne utviklinga lokalt.

- **FORELDRE:** Ungdom oppgjev at foreldre har mest å seie for deira syn på bruk av rus og at tydelege reglar i heimen er viktig. Foreldre må snakke saman. Korleis styrke foreldrerolla i praksis?

Oppfølging Ungdata-undersøking og forarbeid rusmiddelpolitisk handlingsplan

Som del av oppfølginga av resultatane frå Ungdata-undersøkinga 2024 er det gjort fleire større initiativ, også knytt til arbeidet med rulleringa av rusmiddelpolitisk handlingsplan; Ungdata-seminar i samarbeid med KoRus Vest Bergen der ungdom, føresette og dei ulike tenestene deltok, temaøkt om rus i SLT Familieforum der alle medverkande tenester hadde førebudde innlegg om status i eiga teneste, tiltak på området og vidare arbeid og eit arbeidsseminar i SLT Familieforum om rusarbeidet der tenestene, ungdommens kommunestyre, elevråda og styret i Gaupne ungdomsklubb var inviterte til å kome med innspel til rusmiddelpolitisk handlingsplan. Dette arbeidet har også medverka til oversiktene om noverande tilbod på rusområdet og framtidige tiltak.

Utfyllande oppsummering statusbilete om rus blant ungdom:

- *Snus, tobakk, vape og alkohol er dei klart mest brukte rusmidla*
- *Alkohol og tobakkbruk ligg over landssnittet, jf. Ungdata 2024*
- *Startalder er i ungdomsskulen, ca. 13–14 år for somme*
- *Cannabis og andre narkotiske stoff er lite utbreidd, men nokon har prøvd hasj*
- *Bruk skjer særleg i helger og på større arrangement*

Utfordringar:

- *Tidleg debut og avhengigheit av snus*
- *Påverknad frå eldre ungdom, inkludert sal av tobakk og alkohol*
- *Foreldre som gir alkohol eller arrangerer heimefestar*
- *Liberale haldningar blant både ungdom og foreldre*

Ungdomen sine råd:

- Snakk meir ope og realistisk om rus – ikkje berre teori
- Bruk erfaringskonsulentar og ekte historier
- Start tidlegare med informasjon (5.–7. trinn)
- Tydelege konsekvensar for regelbrot
- Kombiner informasjon med gode aktivitetstilbod

6. Tenestene sitt perspektiv:

- Snus- og vape-bruk aukar markant
- Alkoholbruk vert ofte normalisert i familiar
- Foreldrerus er ein aukande årsak til barnevernssaker
- Tilbod som fungerer godt:
 - ungdomsklubbane, Rocket-Man-prosjektet, sommaraktivitetar, gratis/lågterskeltilbod, 8.-klassesamtalar og helsesamtalar
- Tiltak som saknast:
 - fleire møteplassar, junior-klubb, rus-/psykiatriteneste for ungdom under 18 år, betre samordning mellom tenester, meir kultur- og fritidstilbod utanfor idretten
- Foreldre er den viktigaste førebyggjande faktoren, behov for meir informasjon og støtte i foreldrerolla m.a. i form av foreldrenettverk
- Mange gode tiltak finst, men det er behov for betre samordning
- Viktig med heilskapleg oppfølging av familiar – økonomi, psykisk helse, fritid, skulemiljø

5. TILBOD I LUSTER MED FOKUS PÅ RUSARBEID

Tiltak	Kort beskriving
FRITID	
Aktivitetstilbod	Breidt aktivitetstilbod i bygdene, digital aktivitetskalender (Friskus), støtteordning for økonomisk utsette familiar (Fritidsfond), gratis utlån av utstyr (Frivilligsentral). Universelle tiltak (FriMoro, ferieaktivitetar mm)
Ungdomsklubb	Trygg og inkluderande møteplass for ungdom med høg deltaking. Gratis mat, ungdomsmedverknad og rusfri arena.
Rocket-Man	Tiltak for sårbar ungdom (13–18 år) med fokus på tryggleik, meistring og tilhøyrse. Aktivitetsguidar og rusfri møteplass.
Transport for ungdom (13 – 19 år)	Trygg og rimeleg transportordning som gjer det enklare for ungdom å kome seg trygt heim frå aktivitetar og sosiale samanhengar på kveld og helg.
SKULE	
Grunnskule	Rusførebygging gjennom læreplanen (folkehelse og livsmeistring) og ressursen meistrelivet.no . Tverrfaglege undervisningsopplegg som har som føremål å styrke arbeidet med psykisk helse og rusførebygging.
Hjartesamling (barnehage)	Ressurs om grenser, kjensler, kropp og vern mot vald/overgrep. Byggjer språk for å seie ifrå. Hjartesamling
Foreldrenettverk	Uformelle møtepunkt for foreldre for å styrke samarbeid, felles grenser og støtte i foreldrerolla. Foreldrenettverk
Saman om barn og unge	Digital oversikt over kven som kan hjelpe ved bekymring for barn og unge. Rettleiing for innbyggjarar og tilsette. Saman om barn og unge .
Ungdomslos	Oppfølging for elevar 10–24 år for å redusere fråvær, styrke meistring og sikre heilskapleg hjelp. Ungdomslosar i Luster .
OT-tenesta	For ungdom utan fullført vidaregåande. Rettleiing og koordinering mellom NAV, skule, bedrift m.m. OT - tenesta
Tidleg innsats – førebyggjande arbeid	Fokus på å oppdage risiko tidleg, styrke foreldrerolla og skape gode miljø i barnehage, skule og nærmiljø.
Fastlege	Avdekkjer rusbruk, sikrar oppfølging og vidare behandling. Viktig rolle i kartlegging og førarkortreglar.
Helsestasjon og skulehelseteneste	Tidleg innsats, samtalar om rus, universelle tiltak. Helsestasjon for ungdom med drop-in for ungdom (13–20).

Tiltak	Kort beskriving
TILBOD TIL VAKSNE OG BARN	
Psykisk helseteam	Tverrfagleg team med breitt tilbod: samtalar, rettleiing, kartlegging, oppfølging før/etter behandling. Samarbeid med mange instansar.
Kommunepsykolog	Styrkar tilbodet. Tett samarbeid med andre tenester.
Erfaringskonsulent	Brukarerfaring brukt aktivt i tenestene. Gir motivasjon, formidling og støtte til brukarane. Er AKAN kontakt.
Ruskonsulent	Individuelt tilpassa oppfølging, samtalar, heimebesøk, familieretta tiltak og koordinering.
Akan	Tilbod for tilsette med rus/speleproblem. Fokus på oppfølging framfor oppseiing. Anonymt og strukturert.
Rask psykisk helsehjelp (RPH)	Lågterskeltilbod for angst, depresjon, begynnande rusproblem. Rask tilgang (1–2 veker). Frå 16 år. Psykisk helse - RPH
Rådgjevande eining for russaker	Oppfølging av personar med strafferettslege vilkår knytt til rus. Samtalar, kontrollar og rettleiing. Prosedyre - rådgjevande eining for russaker i Luster
NAV – Flyktningetenesta	Fokus på arbeid, redusert utanforskap og økonomisk tryggleik. Tett samarbeid ved rusutfordringar. Tilbyr økonomisk stønad, rettleiing og aktivitetskrav.
Barnevern	Gir støtte og vern til barn og familiar som strevar. Kan bidra med råd, hjelpetiltak i heimen, samt sørge for tryggleik dersom situasjonen krev det. Målet er å sikre god omsorg og utvikling for barnet.
Pårørande / barn som pårørande	Tilbod med informasjon, samtalar og støtte til dei som står nær ein som slit. Særleg fokus på barn som treng tryggleik, forståing og avlastning i ein vanskeleg situasjon. Prosedyre: Prosedyre barn som pårørande

Tiltak	Kort beskriving
TVERRFAGLEG SAMARBEID – FAGLEGE MØTEPLASSAR	
Tverrfagleg samarbeid (SLT Familieforum, KE, HSP)	Samlar ulike fagpersonar rundt familien for tidleg innsats. Skule, kultur, folkehelse, politi, NAV/flyktningetenesta, helse, omsorg og barnevern jobbar saman for å løyse utfordringar før dei blir for store.
SLT / Politi	Samordnar lokal innsats mot rus og kriminalitet. Sikrar at skule, helse, politi og kommune arbeider samla med tidlege tiltak og målretta oppfølging av barn og unge. Kommunane Vik, Luster og Sogndal har felles SLT Politiråd (SLT = Samordning av lokale kriminalitetsførebyggande tiltak)

Politikontakt	Ein fast politiressurs som samarbeider tett med kommunen. Bidreg med kunnskap, tryggleikstiltak, situasjonsforståing og felles innsats i lokalmiljøet.
BUSTAD	
Bustadsosialt arbeid / Housing First / startlån	Hjelper personar med å få ein trygg, varig bustad og tilbyr tett oppfølging. Gjev også tilgang til økonomiske ordningar som startlån og tilskot for å sikre stabile buforhold.
Brannsikkerheit	Tiltak for å betre brannsikkerheita for sårbare grupper, som montering av røykvarslarar, slökkjeutstyr, tilsyn og opplæring. Reduserer risiko for brannfare i heimar.
ANDRE TILTAK	
ATS (Arbeids- og velferdstenester)	Følgjer opp personar som treng hjelp med arbeid, aktivitet, økonomi eller rusutfordringar. Målet er å styrkje meistring, stabilitet og deltaking i samfunnet.
Sogn frisklivssentral	Kommunal helseteneste som tilbyr kurs, trening, samtalar og livsstilstøtte. Eit lågterskeltilbod for personar som ønskjer betre fysisk og psykisk helse.
Nattugler	Frivillige vaksne som er synlege i sentrum og på arrangement kveld og helg. Skapar tryggleik, avvergar konflikhtar og gir hjelp til ungdom som treng det.
Vaktverksemd	Bruk av ordensvakter ved arrangement, samlingsstader og offentlege rom for å førebyggje uro, sikre tryggleik og bidra til gode opplevingar for deltakarar. Sjå forskrift om politivedtekt, Luster kommune her
Brukarmedverknad	Fokus på og involvering av brukarar og pårørnde i utforming, utvikling og evaluering av tenester. Sikrar at tiltak samsvarar med faktiske behov.
Ferdigbehandla pasientar / pakkeforløp	Koordinert oppfølging av personar som er ferdig på behandling eller institusjon. Sikrar smidige overgangar og rask tilgang til oppfølging, bustad eller helsetenester.

6. ALKOHOLPOLITISKE RETNINGSLINJER

Gjeldande frå 19. mars 2026 til 19. mars 2030

Skjenkepolitikk er ofte ei vanskeleg avgjerse mellom næringspolitiske interesser, innbyggjarane sine krav og forventningar, og samfunnet sitt ønske om å redusere uønska helsemessige og sosiale konsekvensar. Ein heilheitleg rusmiddelpolitisk handlingsplan der ein samordnar og synleggjer kommunen sin rusmiddelpolitikk og satsingar på heile området kan til ein viss grad bidra.

Alle kommunar er pålagt å utarbeide ein alkoholpolitisk handlingsplan (alkoholova § 1-7 d). Innafor alkoholova har kommunen fått eit ansvar og ein fridom til å utforme sin eigen lokale alkoholpolitikk. Kommunen sin forvaltning av alkoholova er eit viktig verkemiddel for å fremje folkehelsa. I tidlegare retningsliner frå Helsedirektorat var det anbefalt at planen skulle utarbeidast første året etter val men dette er ikkje eit krav. I tråd med anbefalingar i lovverk er det i denne plan utarbeida alkoholpolitisk handlingsplan som del av ein heilheitleg rusmiddelpolitisk handlingsplan.

6.1 Mål for løyveperioden

Luster kommune sitt overordna mål med alkoholpolitiske retningsliner er at sal og skjenking av alkoholhaldig drikk skal skje i ryddige og kontrollerte former i samsvar med alkoholova si målsetting. Målet er at dei alkoholpolitiske retningslinjene saman med "Rusmiddelpolitisk handlingsplan" i størst mogeleg grad skal motverka dei samfunnsmessige og individuelle skader som alkoholbruk kan innebære.

Luster kommune sin alkoholpolitikk skal i løyveperioden 2026 – 2030 vera i samsvar med alkoholova § 2 - 1: *Sal og skjenking av alkoholholdig drikk skal foregå på en slik måte at skadevirkningene begrenses og alkoholpolitiske og sosiale hensyn ivaretas.*

Det skal være like vilkår, og vedtak som blir fatta av Luster kommune skal være forutsigbare og tydelige for næringa. Retningslinjene i denne planen skal sikre dette. Dialog med bransjen er viktig, samtidig som lov- og regelverk må gjerast brukarvennleg.

6.2 Retningslinjer for løyve til sal og skjenking av alkohol i Luster

Alkoholova har klare retningslinjer og sakshandsamingsrutinar for sal og skjenking av alkohol. Kven som kan selja, skjenka og kjøpa og korleis.

[Lov om omsetning av alkoholholdig drikk m.v. \(alkoholova\)](#)

Luster kommune vil leggja til rette for at alkohol kan omsetjast, men at bruk av alkohol fører til minst mogleg negative konsekvensar. Alkoholpolitikken skal regulere dette.

[Prosedyre for sal av alkohol i Luster](#)

Det vert ikkje sett tak for faste skjenkeløyve.

Det vert lagt vekt på kvalifikasjon hjå løyvehavar, d.v.s. godkjend kunnskapsprøve for sal/skjenking av alkohol. Det gjeld både dei som har generelle løyve, samt dei som er ansvarlege for skjenking til opne arrangement; festivalar, konsertar o.l. På denne måten sikrar ein at sal og skjenking vert følgd opp av personar som kjenner til lovverket og at verksemdene til ei kvar tid har tilfredsstillande internkontroll.

Søknad om løyve

Løyveperioden er for inntil fire år om gongen, og denne perioden gjeld frå 19. mars 2026 til 19. mars 2030, sjå informasjon på [kommunen si heimeside](#)

Etter at kommunen har føreteke ein gjennomgang av alkoholpolitikken i form av revidering av rusmiddelpolitisk handlingsplan, *skal* kommunestyret avgjere om gjeldande sals- og skjenkeløyve skal fortsetja vidare, eller om løyvehavarar skal søke på nytt for dei neste fire åra. Kommunen kan endre eller fastsetje nye retningslinjer og vilkår for løyva.

Det skal ved søknad nyttast standard søknadsskjema som ligg på heimesida til kommunen. Uttale frå politiet vert henta inn før søknaden vert klargjort for politisk handsaming. Kommunen vil i tillegg krevje attestar for skatt og avgifter.

Tildeling av løyve

Per i dag har Luster kommune 32 verksemder som har skjenkeløyve; hotell, campingplass, nokre kafear, pub, restaurant, samt turisthytter og gardsturisme. Åtte butikkar har salsløyve i tillegg til at det er gitt løyve til tre gardsutsal.

Ved tildeling av generelt løyve vert det bl.a. lagt vekt på *tal* sals- og skjenkestader, staden sin karakter, plassering, målgruppe, trafikk og ordensmessige tilhøve. Det blir og vurdert om søkar er eigna, samt næringspolitiske omsyn og omsynet til lokalmiljøet generelt.

Omfanget av skjenkeløyvet

Generelt løyve for servering av brennevin, vin og øl kan tildelast:

- Hotell og andre overnattingsverksemder, restaurantar og andre serveringsverksemder der kommunen meiner at staden sin karakter tilseier at brennevinsservering kan forsvarast.
- Restaurant i kjøpesenter etter at butikkane er stengde; fredag og laurdag etter kl. 20.00, samt to dagar i julehelga og to dagar i vekedagar til slutta lag.

Generelt løyve for servering av vin og øl kan tildelast:

- Serveringsstader med annan karakter enn restaurantar, pubar
- Ferjer og båtar i chartertrafikk
- Pensjonat og mindre overnattingsverksemder
- Utandørs-serveringsstader

Løyve for ein enkelt bestemt anledning kan tildelast:

- Verksemder
- Enkeltpersonar
- Kommunedirektøren kan i spesielle høve gje løyve i kommunale bygg.
- Lag og organisasjonar kan få tildelt løyve til skjenking ved einskildarrangement føresett at dei stettar dei formelle krava til skjenkestyrar og godkjende vakter.

Ambulerande løyve

- Luster har to ambulerande løyve for tildeling av skjenking i slutta selskap, jf. alkohollova §4-5.
- Ambulerande løyve til slutta lag kan gjelda både øl, vin og brennevin.
- Det må ligge føre dokumentasjon på at *arrangementet fyller krava til slutta selskap*.
- Det skal nyttast standardskjema for søknad om ambulerande skjenkeløyve.
- Skjenketida for ambulerande løyve *skal følgje kommunen si maksimaltid*.

6.3 Gjennomføring av kunnskapsprøve

For kvart sals- og skjenkeløyve skal det peikast ut ein styrrar og reservestyrrar som skal godkjennast av kommunen. Kommunen er ansvarleg for å gjennomføra kunnskapsprøvar for desse. Det vil sei at styrrarane skal kunne dokumentere kunnskapen i form av bestått prøve. Ordninga er elektronisk prøve.

- Luster kommune kan gjennomføra kunnskapsprøven om alkohollova og etablerarprøven om serveringslova.

6.4 Delegering

Kommunen har vedteke dette delegasjonsreglementet ved tildeling:

- *Formannskapet* har delegert mynde til å tildele generelle sals- og skjenkeløyve. *Formannskapet* har tilsvarande ansvar for inndraging av løyva.
- *Kommunedirektøren* har delegert mynde til å tildele enkeltsaker, ambulerande skjenkeløyve, og løyve for ein enkelt bestemt anledning.
- Verksemdene kan få tildelt løyve til utviding av skjenketidene for ein enkelt bestemt anledning. Det gjeld og for utviding av inne og/eller utelokale for ein enkelt bestemt anledning. *Kommunedirektøren* har delegert mynde i desse sakene.
- *Kommunedirektøren* har delegert mynde til godkjenning av styrrar og reservestyrrar/stedfortredar.

6.5 Sals – og skjenketider

Luster kommune har eiga forskrift for sals- og skjenketider. Denne vart sett i kraft 04.10.2012. I k.sak 36/24 vart det vedtatt at kommunen skulle utarbeida ei felles forskrift om opning- og skjenketider for serveringsstadar og for sal- og utleveringstider for sal av alkoholhaldig drikk i Luster kommune. Den felles forskrifta vert fremja som eiga sak i forkant av handsaminga av ruspolitisk handlingsplan.

Salstidene er som følgjande:

- Kvardagar: kl. 09.00 til kl. 20.00
- På dagar før søndag- og helgedagar kl. 09.00 til kl. 18.00
- For dagen før 17. mai vert salstida avgrensa til kl 18.00 (k.sak 36/24)

Skjenketider:

- Skjenking av brennevin innandørs skal vere avslutta kl. 01.00
- Skjenking av vin og øl innandørs skal vere avslutta kl. 01.30
- Skjenking av vin, øl og brennevin utandørs skal vere avslutta kl. 23.00, men formannskapet har fullmakt til å tillate felles skjenketid ute og inne der det ligg til rette for det.

Kvar søknad skal handsamast individuelt. I sak nr.198/08 valde formannskapet å vurdere søknader ut frå fylgjande kriterium dersom skjenkeverksemdar søker om utvida skjenketid på sitt utandørs område:

- Sjenanse i høve til naboar. Her vert avstand og lyd vektlagd.
- Direkte innsyn frå trafikkareal eller område der folk ofte ferdast.

6.6 Definisjon på «slutta lag/selskap»

Med «slutta lag/selskap» vert det meint at det allereie før skjenkinga startar, er danna ein slutta krets av personar, som samlast for eit bestemt føremål i eit bestemt lokale på skjenkestaden. Døme kan vere eit bryllaup, jubileum osb. Det er ikkje tilstrekkeleg at ein før skjenkinga har skrive seg på ei liste eller kjøpt billetter. Det er ikkje avgjerande kor vidt tal gjester er begrensa, eller at arrangementet i innbydinga eller i ei annonse er omtala som «slutta lag/selskap».

Kretsen av personar må ikkje vera open for utanforståande. Deltakarane må ha ei eller anna tilknytning til den eller dei som inviterer til selskapet. Vanlegvis må initiativet kome utanfrå, ikkje frå skjenkestaden.

I følgje lova vil eit slutta lag vere avhengig av korleis ein inviterer til selskapet. Ein person kan for eksempel invitere venner til eit selskap i slutta lag, men viss vennene igjen inviterer andre med seg til selskapet - venners venners selskap - blir det ikkje å rekna som slutta lag.

Arrangement som ikkje oppfyller lova sitt krav i slutta lag/selskap er til dømes:

- Vanlege medlemsmøte i ein foreining
- Samankomstar for idrettslag, klubbar, organisasjonar og liknande
- Studentfestar, russearrangement
- Kundekveldar, mat- og vinkurs, kunstutstillingar, VIP arrangement

Det skal peikast ut ein styrar som er ansvarleg for løyvet jf. Alkoholova §1-7 c første ledd. Det er ikkje krav om bestått kunnskapsprøve. Det er ikkje krav om at det skal hentast inn uttale frå politiet før løyve vert gitt.

6.7 Alkoholavgift/gebyr

- [Skjenkeløyve og gebyr](#)
- Løyvegebyr for sal og skjenking av alkoholhaldig drikk vert fastsett ein gong pr. år på bakgrunn av omsetnadstala frå førre år og opplysningar om forventa omsetnad for inneverande år. Ny løyvehavar får fastsett avgifta ut frå skjønn det første året.
- Omsetnadstala skal leverast til kommunen innan fastsett frist.
- Tala skal gjevast opp med omsett mengde alkohol i liter.

6.8 Kontroll

Kontroll med sal og skjenking av alkoholhaldige drikkar skjer i medhald av alkoholova sine forskrifter. Luster kommune har i tillegg kontroll av tobakksal.

- Kommunen har avtale med Trygg24 for den praktiske gjennomføringa av kontroll av sals- og skjenkestadane i kommunen.
- Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketidene, aldersgrense og at det ikkje vert føreteke sal og skjenking til mindreårige og openbart rusa personar.
- Kontrollør må ha dokumentert kunnskap om alkoholova og forskriftene.

6.9 Retningslinjer for reaksjonar ved brot på alkoholova sine reglar

Sanksjonsreglement

Prosedyre og tiltak skal setjast i verk ovanfor sals- og skjenkestader som ikkje driv i samsvar med alkohollovgevinga, andre relevante lover og kommunale retningslinjer for alkoholomsetnaden:

- Dersom alkoholkontrollørane etter kontroll meiner å påvise brot på alkoholova/kommunale retningslinjer ved sals eller skjenkestad, skal kontrollørane skrive utfyllande rapport til kommunen.
- Administrasjonen sender gjenpart av rapporten til den aktuelle sals eller skjenkestaden og ber om merknader og/eller kallar inn til samtale for å klargjere dei faktiske tilhøva. I samtalar skal sals- eller skjenkestaden gjere greie for korleis dei vil syte for at eventuelle brot på alkoholova/ kommunale retningslinjer ikkje skal skje i framtida.
- Dersom det er påvist klare lov- eller regelbrot, skal administrasjonen ved fyrste gongs tilfelle sende skriftleg åtvaring til den aktuelle verksemda. Formannskapet skal bli orientert om saka.
- Dersom det er påvist klare lov- eller regelbrot trass i tidlegare åtvaring, skal det fremjast sak om inndraging av sals og skjenkeløyvet for Formannskapet.
- Dersom lov- eller regelbrotet etter administrasjonen si vurdering er av særst alvorleg karakter, skal det fremjast sak til Formannskapet om inndraging av sals eller skjenkeløyvet umiddelbart. Ved lov- eller regelbrot av alvorleg karakter, har administrasjonen fullmakt til å trekke sals eller skjenkeløyvet attende, med verknad straks fram til Formannskapet har fått saka til handsaming

Inndraging

Kommunen har rett til inndraging av løyve ved følgjande brot på alkoholova/kommunale retningslinjer:

- Skjenking utover skjenketid
- Skjenking til rusa personar
- Skjenking av mindreårige
- Narkotikamisbruk
- Ikkje levert omsetjingstal.
- Ikkje betalt løyveavgift.
- Andre vesentlege brot på alkoholova

7. MÅL OG TILTAK

7.1 MÅL

Hovudmål frå førre plan blir vidareført

Luster kommune skal arbeide for å førebyggje misbruk og redusere dei negative konsekvensane rusmiddelbruk har for einskildpersonar og for samfunnet. Mål og delmål bygger på dei viktigaste nasjonale føringane for rusmiddelpolitisk arbeid.

Delmål

- **Førebygging:** Redusere bruk av rusmiddel blant unge, og styrkje livsmeistring i skule og fritid
- **Tidleg innsats:** Avdekkje og hjelpe tidleg ved begynnande rusproblem
- **Behandling og oppfølging:** Sikre god tilgjenge til tenester og sømlause overgangar mellom nivåa
- **Skadereduksjon:** Iverksette tiltak som reddar liv og reduserer skadeomfang
- **Pårørandearbeid:** Gje betre støtte til barn og familiar som lever med rusutfordringa

7.2 TILTAK

Kommunen har mange tiltak som det er ønskje om å vidareføre og utvikle i heile planperioden. Nye tiltak vil bli vurdert i kommande budsjett- og økonomiplanperiode.

DELMÅL 1: FØREBYGGE TIDLEG DEBUT OG HØGT FORBRUK BLANT UNGE. SIKRE TIDLEG INNSATS OG LÅGTERSKELTILBOD TIL BARN OG UNGE			
Tiltak	Beskrivelse	Ansvar	Tid/budsjett – øk. plan
Rocket-Man-prosjektet	Innarbeide prosjektet Rocket-Man i ordinær drift.	Oppvekst og Folkehelse	Heile planperioden
Meistrelivet.no er ein eigenutvikla ressurs for skular og barnehagar i Luster, Sogndal og region Sogn	Alle elevar i Lustraskulen (1. -10. trinn) skal få tilbod om opplæring i dei ti tema i meistrelivet.no i løpet av kvart skuleår	Oppvekst: Skular og barnehagar	Heile planperioden
Foreldrenettverk på alle skulane og barnehagane i kommunen	Alle skular og barnehagar vert oppmoda om å ha foreldrenettverk som lågterskeltilbod.	Oppvekst: Skule og barnehage i samarbeid med politi og Helsestasjon/skulehelsetenesta	Heile planperioden
To Ungdomsklubbar Temakveldar Work Shop	Ungdomsklubb på Hafslo og i Gaupne. Innarbeide drift i budsjett. Rekruttere foreldre og frivillige	Oppvekst og Folkehelse	Heile planperioden
Tiltak	Beskrivelse	Ansvar	Tid/budsjett – øk. plan
God oversikt over rusbruk blant ungdom i Luster	Ungdata-undersøking kvart andre år, mellomtrinn og ungdomsskular	Arrangør og koordinator er Folkehelse	2026
Stopptober og Generasjon FRI	Førebygge røyk, snus samt kampanje om å slutte. Stopptober: Målgruppe voksne Generasjon FRI: målgruppe 13 – 17 år	Årshjul: Ungdomsskular Skulehelsetenesta og tannhelsetenesta	Heile planperioden
Sosialgrupper	Etablere sosialgrupper på barneskulen	Oppvekst: Skule I samarbeid med foreldre	Heile planperioden
Tørre å ta samtale ved bekymring	-styrke kompetanse og etablere ein kultur på å ta den vanskelege samtalen	Oppvekst Helse NAV/flyktningetenesta	Heile planperioden

Førebyggje mobbing	- Skulemiljøteam - Skulemiljønettverk - PALS (Hafslo barne- og ungdomsskule)	Oppvekst	Heile planperioden
Individuell samtale med alle elevar på 8. trinn	Samtale med alle elevar	Helsestasjon - skulehelsetenesta	Heile planperioden
Frisklivssentralen som samarbeidspartnar i førebyggjande arbeid	Delta i foreldremøte, ungdomsklubb, Frimoro og skulehelsetenesta med kurs, føredrag og rettleiing om livsstil, søvn og rusførebygging.	Folkehelse / Frisklivssentralen i samarbeid med Oppvekst og Helse.	Heile planperioden
Foreldrekurs	ICDP: obligatorisk i introduksjonsprogram COS. Universelt kurs Fleire sertifiserte COS og ICDP kurshaldarar	Helsestasjon Flyktningetenesta Oppvekst	Søke midlar Bufdir 2026
Ungdomslos	Jentelos og gutelos, hovudsakleg for ungdomstrinnet	Oppvekst og Folkehelse. Samarbeid; barnevern	Prosjektmidlar til jentelos 2026 –27, gutelos er dekkja av ordinær drift
Samarbeid på 8. trinn med erfaringskonsulent og politi	Prosjektsamarbeid der elevane presenterer på foreldremøte, del av undervisningsopplegg	Oppvekst i samarbeid med politi og erfaringskonsulent	Heile planperioden
Rusfritt arrangement på Lustrabalder	Samarbeid med Lustrabalder om opplegg	Oppvekst /folkehelse i samarbeid med Lustrabalder, styre på ungdomsklubbane og SLT Familieforum	Heile planperioden
Tiltak	Beskrivelse	Ansvar	Tid/budsjett – øk. plan
Fleire rusfrie arrangement og møteplassar	På ungdomsklubb nokon fredagar -samarbeide med foreldre	Oppvekt og Folkehelse i samarbeid med foreldre – frivillige og politi	Heile planperioden
Tema på foreldremøte	Tema rus på foreldremøte	Oppvekst i samarbeid med helsestasjon/skulehelsetenesta, politi og erfaringskonsulent	Heile planperioden
Bli ein ABC kommune	Å bruke ABC-rammeverk aukar kunnskapen til innbyggjarane om korleis dei sjølve kan ta vare på si eiga og andre si psykiske helse	Har fått prosjektmidlar til tiltak på ungdomsklubbane, tiltaket må forankrast på leiarnivå	Heile planperioden
Omnimodellen - Trygge og gode oppvekstmiljø	Vurdere å implementere omnimodellen i oppvekstsektor og fritidstilbod.	Oppvekst og Folkehelse	Startar med modellen på ungdomsklubbane 2026

DELMÅL 2: STYRKE BEHANDLING, REHABILITERING OG OPPFØLGING BETRE STØTTE TIL PÅRØRANDE OG FAMILIAR SKADEREDUSERANDE TILTAK			
Tiltak	Beskrivelse	Ansvar	Tid/budsjett – øk. plan
Alle skal sikrast ein stabil bustad	Jobbe for å ha varierte bustader i Luster	Eigedom	Heile planperioden
Housing First	Bruke metoden Housing First – sterk grad av brukarmedverknad	Psykisk helseteam vidareført	Heile planperioden
Tett samarbeid mellom tenestene	Ansvarsgrupper og individuelle planar	Fastlegar NAV Pleie og omsorg	Hele planperioden
Etablere psykisk helseteam for barn og unge 0 – 25 år	Kommunen har fått tilskotsmidlar for fem-års-periode	Oppvekst Folkehelse Psykisk helseteam Helsestasjon- skulehelsetenesta NAV/Flyktningetenesta	Heile planperioden Gradvis innarbeiding i budsjett
Yte heilskapleg teneste	God kartlegging før hjelpetiltak vert sett i verk	Fastlegar NAV Pleie og omsorg	Heile planperioden
Betre støtte til pårørende og familiar	T.d familie-nettverksmøte rundt eit barn og familie. Ev. som tilbod i teamet psykisk helseteneste for barn – og unge.	Oppvekst Folkehelse Psykisk helseteam Helsestasjon- skulehelsetenesta NAV/Flyktningetenesta	Heile planperioden
Kartleggings skjema -oppstartsamtale	Standardskjema til alle om rus/alkohol på fyste samtale	Psykisk helseteam	Heile planperioden
Kartleggings skjema På fyste svangerskapskonsultasjon	Standardskjema	Jordmortenesta	Heile planperioden
Rask psykisk helsehjelp RPH Psykisk helse - RPH	Lett tilgjengeleg kommunalt tilbod til personar over 16 år.	Psykisk helseteam	Heile planperioden

